

Manus til «plikta til å setje inn tiltak»

Hei, eg er Therese Johnsen Klyve, og arbeider som seniorrådgjevar hos Statsforvaltaren i Vestland. I denne informasjonsvideoen vil vi gå litt djupare inn i plikta til å setje inn tiltak.

Og eg er Tone Gjøl Gardsjord, og arbeider som Therese, som seniorrådgjevar hos Statsforvaltaren i Vestland.

Vi har tidlegare publisert fleire videoar om skulen si aktivitetsplikt, og i den forrige videoen gjekk vi nærmare inn på plikta til å undersøke. I denne filmen skal vi ta vi for oss plikta til å rette opp situasjonen med eigna tiltak.

Vi skal først ta ein titt på sjølve lovteksten, før vi går vidare til å sei noko om når skulen må setje inn tiltak. Deretter skal vi sjå på plikta til å lage ein skriftleg plan, og gå gjennom dei ulike minimumskrava til denne.

Ja, i den nye opplæringslova står det at når ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøke saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak.

Dette inneber at skulen har ei plikt til å setje inn tiltak for *alle* elevar som opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, *uansett* årsak.

Når vi brukar omgrepet tiltak i denne samanhengen, meiner vi skulen sine *grep*, *handlingar* eller *endringar av praksis*, som kan bidra til at eleven får eit betre skulemiljø.

Skulen skal altså setje inn tiltak når ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø, men vi tenkjer det kan vere greitt å sei noko meir om når denne plikta faktisk trer inn.

For det første er det sjølv sagt slik at skulen si tiltaksplikt blir utløyst dersom **eleven sjølv seier ifrå om** at hen ikkje har det trygt og godt på skulen. Og så er det også slik at når skolen, gjennom **eigne undersøkingar** ser at ein elev ikkje har det bra på skulen, då blir også plikta til å setje inn tiltak utløyst.

Det er altså eleven si eiga oppleving av skulemiljøet som utløyser plikta. Og det er også sånn at det er skulen sitt ansvar å fange opp om eleven ikkje har det bra på skolen. Dette kjenner de igjen frå både plikta til å melde frå og plikta til å undersøke, og kjem av at desse pliktene følgjer av kvarandre.

Tilsvarende vil vi understreke, som når vi snakka om undersøkingsplikta, at skulen ikkje må bagatellisere, avvise eller underkjenne ein elev si oppleving av å ha det utrygt eller å ikkje trivst på skolen. Skulen kan heller ikkje stille strenge krav til kva det inneber å sei i frå, eller krevje at elevane skal bruke bestemte omgrep.

Skulen sine tilsette må også vere merksame på at eleven, til dømes ved handling eller åtferd kan gi uttrykk for utryggheit. Dette vil vi tro dei fleste av dykk er kjende med.

Men, det er altså sånn at uavhengig av på kva måte skulen får kjennskap til at eleven ikkje har det trygt og godt på, vil det alltid vere nødvendig å gjennomføre grundige undersøkingar før det blir satt inn tiltak. Dette er også heilt avgjerande for at skulen skal kunne gjere gode fagleg-pedagogiske vurderingar i val av tiltak.

Vi ser i ein del saker som kjem til oss, at skolane ikkje har undersøkt godt nok, eller ikkje har brukt informasjonen som har kome fram i undersøkingane godt nok i vurderinga og val av tiltak.

Vidare vil vi minne om at i arbeidet med å setje inn tiltak, gjeld eleven sin rett til å bli høyrd. Det betyr at i tillegg til å vurdere kva som er til eleven sitt beste, må skulen altså leggje til rette for å høyre eleven om tiltaka som setjast inn. Skulen må leggje vekt på det eleven meiner i tråd med eleven sin alder og modenheit.

Når det gjeld vurderinga av eleven sitt beste, må denne vere basert på ei fagleg vurdering frå skulen si side. Det kan derfor bety at i nokre tilfelle må skulen sette inn tiltak sjølv om eleven ikkje ønskjer det. Det kan også hende at skulen må setje inn andre tiltak enn dei eleven sjølv ønskjer.

Ja, og så vil vi leggje til at det i nokre saker i tillegg kan vere behov for å setje inn strakstiltak. Dette kan til dømes vere tiltak som skal skjerme elevar frå kvarandre. Skulen må likevel gjennomføre undersøkingar før dei set inn meir langsiktige tiltak i saka.

Når tiltaksplikta er utløyst og skulen set inn tiltak, må det også utarbeidast ein skriftleg tiltaksplan.

Tiltaksplanen er eit viktig arbeidsverktøy for skolen, og skal synleggjere kva som skal gjerast for å betre situasjonen for eleven. Tiltaksplanen vil også vere ein god måte å vise eleven og dei føresette at skulen tar saka på alvor. Den skriftlege planen er derfor også eit viktig verktøy i samarbeidet mellom skole og heim.

Ein godt utarbeida tiltaksplan bør mellom anna summere opp skulen sine undersøkingar, og vurderingane som ligg til grunn for tiltaka. Den skal også vise kva skulen skal gjere framover for å sikre ein trygg og god skolekvardag for eleven det gjeld. Det er derfor viktig at både dei som følgjer opp eleven i kvardagen og den som har det overordna ansvaret for eleven sitt skulemiljø er involverte i arbeidet med å utarbeide tiltaksplanen. I tillegg er det også viktig at eleven blir involvert i arbeidet, og får uttale seg om tiltaka som er planlagt. Føresette har rett til å sjå planen, og bør også få uttale seg sjølv om dei ikkje kan bestemme kva skulen skal gjere.

Når skulen utarbeider ein skriftleg tiltaksplan, er det viktig å vere merksame på at loven stiller nokre minimumskrav til denne. Ut over dette er det ingen formkrav, men minimumskrava skal bidra til forutsigbarheit, tydeleg ansvarsfordeling, sikre gjennomføring og gjere det enklare å evaluere og etterprøve tiltaka.

Minimumskrava er ikkje endra i ny opplæringslov, og er derfor kjente for dei fleste av dykk. Det skal altså kome fram av den skriftlege planen kva problem tiltaka skal løyse, kva tiltak skulen har planlagt, når dei skal gjennomførast, kven som er ansvarlege og når tiltaka skal evaluerast. Vi skal nå gå litt nærmare inn på dei ulike delkrava.

Kor utfyllande planen skal vere, vil sjølvsagt variere frå sak til sak, og avheng mellom anna av kor kompleks saka er. Men, planen skal uansett vere konkret og tydeleg, og ikkje gi rom for misforståingar.

Det første minimumskravet er at det må kome fram av planen kva problem tiltaka skal løyse. Når skulen då skal formulere ei problemskildring som seier noko om dette, er det viktig at denne er basert på det som har kome fram i undersøkingane og analysane. Det må altså kome tydeleg fram kvifor eleven opplever å ha det utrygt, og kva faktorar som opprettheld denne opplevinga. Det er også viktig at problemskildringa omfattar alle problema som er avdekka gjennom skulen sine undersøkingar, og ikkje berre nokre av dei.

Vi ser i fleire saker som kjem inn til oss gjennom handhevingsordninga, at problemskildringane ofte er formulerte som målsettingar, mens lovkravet eksplisitt inneber at det må kome fram kva som er problemet, ikkje kva som er målet.

Vi ser også ofte i vår saksbehandling at problemskildringa er **for generell**, og at ho ikkje får fram *alle* problema. Til dømes er det nokon som berre skriv at eleven ikkje er trygg på skolen, eller viser til ei bekymring frå foreldra, utan at sjølve problemet i skulemiljøet kjem fram. Då er det vanskeleg å sjå kva skulen har avdekka gjennom sine undersøkingar, og kva som vil vere eigna tiltak.

Naturlegvis er det også eit minimumskrav at skulen sine planlagde tiltak må kome fram av den skriftlege planen, og som nemnt, må det vere ei samanheng mellom det som kjem fram i undersøkingane, kva som er problemskildringa og kva tiltak som setjast inn. Når ein vel tiltak, må dette gjerast på bakgrunn av ei fagleg-pedagogisk vurdering. Det er skulen som den profesjonelle part, som bestemmer kva tiltak som er eigna i den aktuelle saka. Tiltaka må beskrivast tydeleg og konkret, slik at det går klart fram kva som skal gjerast til ein kvar tid. Det er viktig å huske på at planen skal kunne bli forstått av alle involverte, både eleven, dei føresette og dei som har ansvar for å gjennomføre tiltaka, ikkje berre dei som skriv planen.

Vi har i fleire tilfelle sett planar som ikkje er tydelege eller konkrete nok. Det kan til dømes vere tiltak der skulen skriv at vaksne skal vere «tett på», utan at dette er konkretisert. Då er det vanskeleg å vite kva ein kan forvente.

Det er også eit minimumskrav at det må kome fram av planen *når* tiltaka skal gjennomførast. Dette er viktig fordi det er med på å skape forutsigbarheit, noko som

igjen bidrar til trygge rammer for eleven og dei føresette. Usikkerheit rundt gjennomføringstidspunkt kan medføre at føresette ikkje får tillit til at skulen tar saka på alvor. I tillegg har også dei tilsette på skulen behov for konkret informasjon for å kunne bruke denne som eit arbeidsverktøy. Tidspunkt for gjennomføring bør derfor vere så konkret som mogleg, og ein bør unngå formuleringar som «ved behov» eller «jamleg» fordi dette er lite forpliktande og kan bidra til usikkerheit.

Så vil vi også legge til, at jo meir konkret både tiltak og gjennomføringstidspunkt er, jo lettare er det å evaluere tiltaka.

Det fjerde minimumskravet er at det må gå fram av den skriftlege planen kven som er ansvarlege for gjennomføringa av tiltaka.

Som nemnt, er tiltaka i planen skulen sine grep for å betre situasjonen, og det er derfor skulen sitt ansvar at dei blir gjennomført. Det vil sei at eleven sjølv, eller dei føresette *ikkje* kan stå som ansvarlege for gjennomføring.

Det siste minimumskravet er at det må kome fram av planen når tiltaka skal evaluerast. Det første som er viktig å merke seg, er at skulen må ha ein plan for evalueringsmøte, der dei vurderer om tiltaka faktisk verker. I samband med dette må ein vurdere om tiltaka skal vidareførast, justerast eller avsluttast, eller om det er behov for fleire eller nye tiltak. I nokre tilfelle kan det også vere behov for å gjennomføre nye undersøkingar for å finne dei rette tiltaka. Då kan det også vere behov for at problemskilddinga blir oppdatert i tråd med utviklinga i saka.

Det er viktig at skulen planlegg og gjennomfører både *intern* evaluering, og evaluering *saman* med eleven og dei føresette. Her må de hugse på at eleven har rett til å bli høyrd, også i samband med evalueringsarbeidet.

Intervalla for evalueringstidspunkt vil variere frå sak til sak. I alvorlege og meir komplekse saker vil det ofte vere behov for hyppige evalueringstidspunkt.

Til slutt vil vi sei noko om kor lenge tiltaka skal vare, sjølv om dette eigentleg er umogleg å svare på, på eit generelt grunnlag. Men, det som er viktig for oss å formidle, er at tiltaksplikta gjeld til eleven opplever å ha det trygt og godt på skolen, og så lenge det finst eigna tiltak som kan setjast inn.

Det kan vere tilfelle der skulen har gjort alt som med rimelegheit kan forventast, men der eleven likevel ikkje opplever å ha det trygt og godt. Då er det likevel aktuelt at skulen held fram med tiltaka for å avhjelpe situasjonen så godt dei kan, innanfor det som er mogleg og rimeleg for skulen å gjennomføre. Det er eleven si eiga oppleving som avgjer når tiltaksplikta blir utløyst og kor lenge den skal vare. Denne vurderinga skal vere basert på skulen si faglege vurdering, men det må skje i dialog med både elev og føresette.

Då har vi kome til slutten av denne rettleiingsvideoen om plikta til å setje inn tiltak. Vi håper filmen kan vere eit godt utgangspunkt for vidare arbeid, og som sist vil vi

oppfordre dykk til å bruke Utdanningsdirektoratet sine digitale ressursar på dette feltet. Desse ressursane finn de lenke til på våre heimesider.

Vi minner igjen om at det er mogleg å ta kontakt med oss via våre nettsider eller på vår kontakttelefon som er open måndagar frå tolv til to, og andre kvardagar frå ti til to. Telefonnummeret dit er 90 91 50 45.

Takk for no!

Alle bileta i power pointen er Illustrasjonsbilete frå Stockbilder.